



Noregs vassdrags- og energidirektorat

Dato: 30.04.2015  
Vår ref.: 2014/10887-7  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

## Søknad om planendring for Nottveit kraftverk. Fråsegn Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 6. april 2015 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til søknaden om planendring for Nottveit kraftverk i Modalen kommune. Planendringa omfattar ei overføring av Stølselva til kraftproduksjon i Nottveit kraftverk. Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka på møte 23. april, som sak 95/15, og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

1. *Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Stølselva.*
2. *Av omsyn til det verdifulle fjordlandskapet rår Hordaland fylkeskommune til minstevassføring.*
3. *Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningsliner for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring.*

Vedlagt følgjer kopi av saksframlegg og protokoll frå møte i Fylkesutvalet 23. april og Kultur- og ressursutvalet 15. april.

Gudrun Mathisen  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Magne Geir Verlo  
Lars Øyvind Birkenes

Arkivnr: 2014/10887-4  
 Saksbehandlar: Tale Halsør og Lars Øyvind Birkenes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	59/15	15.04.2015
Fylkesutvalet	95/15	23.04.2015

## Søknad om planendring for Nottveit kraftverk. Fråsegn Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Grunneigarar med fallrettar i Nottveit og Stølselva i Modalen kommune har fått konsesjon til å nytte fallet i Nottveitelva til kraftproduksjon. Dei søker i denne planendringa om å få overføre Stølselva til Nottveitelva og slik utvide produksjonen i kraftverket. Tiltaket vil tilføre 1,3 GWh ny produksjon. Kostanden er estimert til 500 000 kr.

Prosjektet har små terrenginngrep: overføringa vil i stor grad gå i tunnel og utbygginga er veglaus. Det er ikkje føreslått minstevassføring. Prosjektet vil tørlegge ei elvestrekning på 1 350 meter store delar av året. Området er klassifisert som eit fjordlandskap av stor verdi. Vi føreslår difor minstevassføring som eit avbøtande tiltak.

Søknaden har manglar som gjer vurderingane vanskelege. Mellom anna manglar det visualiseringar eller bilete av elva i fjordlandskapet. Vi ber NVE kvalitetssikre søknadane før dei kjem på høyring for å gjere sakshandsaminga betre og meir effektiv.

### Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Stølselva.
2. Av omsyn til det verdifulle fjordlandskapet rår Hordaland fylkeskommune til minstevassføring.
3. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningsliner for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring.

### Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 15.04.2015

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av MDG og A:

- «1. Hordaland fylkeskommune rår frå overføring av Stølselva grunna manglande dokumentasjon i konsekvenssøknaden og av omsyn til friluftsiinteressar.  
 2. Om NVE gir løyve til overføring, rår Hordaland fylkeskommune til minstevassføring grunna omsyn til det verdifulle fjordlandskapet.

3. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningsliner for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring.»

### Røysting

Fylkesrådmanen sitt forslag vart vedteke med 6 røyster (med utvalsleiar sin stemme) mot Tomren sitt forslag som fekk 6 røyster (MDG, A og Krf).

### Innstilling

4. Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Stølselva.
5. Av omsyn til det verdifulle fjordlandskapet rår Hordaland fylkeskommune til minstevassføring.
6. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningsliner for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.04.2015

**Marte Malones** sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett.

Grunngjeving: Søknaden er mangelfull i henhald til retningsliner frå fylkesdelplanen og mal frå NVE for småkraftsøknader. Saka sendast difor tilbake for innhenting av informasjon om:

- konsekvensar av evt. tørrlegging
- krav til mistevassføring
- visualisering/bilete
- tap av INON-område som følgje av overføringa"

**Røysting** (forslaget om utsetjing)

Malones sitt forslag fekk 4 røyster (A) og fall.

**Natalie Golis** sette fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune rår frå overføring av Stølselva grunna manglande dokumentasjon i konsekvenssøknaden og av omsyn til friluftsinnteresser.
2. Om NVE gir løyve til overføring, rår Hordaland fylkeskommune til minstevassføring grunna omsyn til det verdifulle fjordlandskapet.
3. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningsliner for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring."

### Røysting

Innstillinga vart vedteken med 9 røyster mot 6 røyster (MDG, KrF, A) for Golis sitt forslag.

### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Stølselva.
2. Av omsyn til det verdifulle fjordlandskapet rår Hordaland fylkeskommune til minstevassføring.
3. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningsliner for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 27.03.2015

### 1. Innleiing

Nottveit Energi har søkt om å få overføre Stølselva (også kalt Botnelva eller Botna) til Nottveitelva i Modalen kommune for å inngå i Nottveit kraftverk. Nottveit Energi har tidlegare søkt om konsesjon for Nottveit kraftverk og fekk innvilga denne frå OED, som fatta endeleg vedtak 15.02.13. Hordaland fylkeskommune handsama saka i Fylkesutvalet 25.01.2007. Overføringa av Stølselva var omtalt i den opprinnelege søknaden, men den vart ikkje realitetshandsama som følgje av formelle manglar. Overføringa vert difor no søkt om på nytt som planendring for allereie konsesjonsgjeve Nottveit kraftverk. Søknaden vert avgjort av NVE, som har sendt den på avgrensa høyring til dei som har uttalt seg til opphavleg søknad. Søknaden er på høyring med frist 30.04.15.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som sektorstyresmakt for kulturminne. I vurdering av prosjektet i høve til regionale omsyn har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Område for friluftsliv<sup>1</sup>. Det er vidare referert til verdikart og retningslinjer i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland.

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategiar for energiproduksjon og -distribusjon.

**Mål for energiproduksjon og –distribusjon:** Hordaland skal produsera og distribuera energi for å auka andelen og mangfaldet av fornybar energi.

#### **Strategi B: Vera ein føregangsregion i produksjon av fornybar energi**

4. Energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

5. Effektivisere og modernisere eksisterande vasskraftverk, t.d. via lite konfliktfylte O/U-prosjekt.

### 2. Søknaden

Nottveit ligg på nordsida av Romarheimsfjorden i Modalen kommune. Nottveitelva og Stølselva har sine vasskjelder i fjellområdet mellom Dyrkoltbotn og Mofjorden og renn ut i fjorden omlag 2 km utanfor Mostraumen (sjå kart).

Dei to elvene går parallellt nedover mot fjorden. Vegetasjonen er prega av blandingslauvskog og nokre granplantefelt. Nedre delar av elvene er prega tekniske inngrep. Riksveg 569 krysser elvene og her er ein del avkøyrslar og bygningar. Stølselva er forbygd eit godt stykke opp frå vegen.



#### a. Prosjektskildring

Prosjektet inneber ei overføring av vatn frå Stølselva til bruk i Nottveit kraftverk. Prosjektet er ei planendring av Nottveit kraftverk, som allereie har fått innvilga konsesjon. Nottveit kraftverk vil nytte fallet i Nottveitelva til kraftproduksjon, som vil gi 13,3 GWh årleg. Med overføring av den mindre Stølselva til kraftverket vil produksjonen auke med 1,3 GWh årleg og redusere utbyggingsprisen på prosjektet frå 3,47 til 3,30 kr/kWh.

<sup>1</sup> Område for friluftsliv i Hordaland. Hordaland fylkeskommune og Fylkesmanneni

Tiltakshavar vil etablere eit inntak i Støselva ved kote 300 og grave ned eit 100 meter langt røyr frå inntaket og vidare til ein bora tunnel på 270 meter der vatnet vil renne ned til demninga til Nottveit kraftverk på kote 293. Røyrret vil gravast ned manuelt og materiell transporterast inn med helikopter, og det vil difor ikkje vere behov for anleggsveg til tiltaket. Røyrgata vil vere omlag 1 meter brei.

Prosjektet vil ta overføre vatnet i Støselva frå kote 300 og heilt ned til fjorden. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring. Tørrlagt elvestrekning er 1 350 meter.

### 3. Verknader for natur og samfunn

Det vart i samband med opprinneleg søknad om Nottveit kraftverk utarbeidd ein rapport om konsekvensar av planane for biologisk mangfald (2006). Denne er lagt ved søknaden om planendring, og det er gjort ei oppdatering av rapporten med eit notat om raudlisteartar i området. Søknaden gjev ikkje nokon presentasjon eller vurdering av konsekvensane for andre potensielle konfliktområde.

#### a. Biologisk mangfald og fisk

Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar eller raudlista artar i nær tilknytting til elvestrengen eller i området ved planlagt inntak. Elva er ikkje fiskeførande. Sterkt redusert vassføring er venta å gi negativ innverknad for fossefall og planteliv nær tilknytt elvestrengen. Det er stor variasjon i naturleg vassføring i elva, noko som gjev eit lite artsmangfald og lite vegetasjon. Det er ikkje registrert truga artar. Ulempene av tiltaket er venta å vere størst i samband med anleggsfasen, for så å avta etterkvart som vegetasjonen veks til igjen.

I oppdatert notat om raudlisteartar er det gjort ei vurdering av moglege konsekvensar av overføringa på registrerte raudlisteartar i området. Tiltaket er ikkje venta å få konsekvensar for nokon av dei registrerte raudlisteartane i området.

Det er i rapport om biologisk mangfald slått fast at «overføring av Botnelva til Nottveitelva omkring kote 300 er i prinsippet et stort naturinngrep. Det er likevel vanskelig å se for seg store økologiske konsekvenser av dette konkrete tiltaket.»

#### b. Landskap

I opprinneleg rapport om biologisk mangfald (2006) er det gjort ei vurdering av bortfall av INON. I og med at tiltaket er vesentleg endra sidan denne søknaden vart lagt fram og Nottveit kraftverk har fått konsesjon og følgeleg vil gi bortfall av INON frå det same området, er det vanskeleg å nytte data om bortfall av INON frå denne rapporten.

### 4. Fylkesrådmannen si vurdering

Hordaland fylkeskommune hadde søknaden om Nottveit kraftverk på høyring og fatta følgjande vedtak til fråsegn i møte i Fylkesutvalet 25.01.2007:

1. *Fylkesutvalet finn ikkje at tiltaket vil vere i vesentleg konflikt med spesifikke viktige regionale verdiar og har ikkje merknader til at det vert gjeve konsesjon til ei utbygging av Nottveitelva. Av omsyn til landskap, biologisk mangfald og inngrepsfrie naturområde vil ein be om at det i konsesjonshandsaminga særleg vert sætt nærare på trongen for å regulere vatna i fjellet og vurdere bruk av minstevassføring i elva.*
2. *Undersøkingsplikta etter §9 i Kulturminneloven må oppfyllest i god tid før arbeid i marka startar opp.*

Søknaden om Nottveit kraftverk vart handsama på grunnlag av Fylkesdelplan for energi 2001-2012. Denne planen er no erstatta av Klimaplan for Hordaland 2014-2030. Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland (Fylkesdelplanen) med tilhøyrande retningsliner kom først i 2009. Vidare er planna for overføringa i stor grad endra frå den opprinnelege søknaden. Med tanke på at det er nye, gjeldande

regionale planar, og større endringar i prosjektet, vil vi i liten grad basere vurderingane på fråsegna frå 2007.

#### a. Prosess

Nottveit kraftverk fekk konsesjon med vilkår frå NVE desember 2011. Søkjar klaga inn vedtaket frå NVE til Olje- og Energidepartementet (OED). Søkjar klaga på vilkåra som var sett i konsesjonen, og på at overføringa det har vert søkt om ikkje vart handsama. OED opprettheldt vedtaket frå NVE og Nottveit kraftverk fekk dimed endeleg konsesjon februar 2013. I vedtaket frå OED slår dei fast at «Departementet mener at utførelsen og konsekvensene av overføringen er mangelfullt beskrevet i søknaden. Departementet deler NVEs vurdering av det må sendes en egen søknad om en eventuell overføring.»

Fylkesdelplanen gjev føringar for utforming av søknadar. Det for å sikre at sakshandsamarar har tilstrekkeleg informasjon til å gjere vurderingar.

R11	<p><b>Søknadsfase</b></p> <p>For små vasskraftverk i Hordaland gjeld følgjande krav for konsesjonssøknader samt søknader som har fått konsesjonsfritak og skal tilkommunal handsaming:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Alle søknader skal som minstemål følgje mal frå NVE for småkraftverksøknader.</li> <li>6. Konsesjonssøknad skal innehalde fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring.</li> </ol>
-----	---

Vi finn at søknaden har manglar utifrå desse retningslinene. Overføringa slik ho er skildra i den opprinnelege søknaden skil seg i stor grad frå dagens planar. Utføringa og konsekvensane av overføringa var i tillegg mangelfullt skildra i opprinneleg søknad, som slått fast av NVE og OED. Det er difor behov for ei oppdatert skildring av konsekvensar av tiltaket på almenne interesser. Dette er ikkje gjort.


Overføringa kjem tett på eit stort, samanhengande INON-område. Det er ikkje gjort ei vurdering av kor stort INON-tapet blir ved overføringa. I følgje NVE sin mal for søknader skal reduksjon i INON-område ved utbygging talfestast, kartfestast og vurderast i lokalt og regionalt perspektiv. Dette er ikkje gjort.

Søknaden manglar vidare informasjon eller illustrasjon av fjernverknad av inngrepet med varierende vassføring.

Manglar i søknaden gjer det vanskeleg å gjere ei fullgod vurdering av konsekvensane av utbygginga for regionale og almenne interesser.

#### b. Landskap

##### Fjordlandskap



Overføringa ligg i eit fjordlandskapsområde klassifisert med stor verdi i Fylkesdelplanen. For fjordlandskap gjeld følgjande retningsline:

R3	<p><b>Fjordlandskap</b></p> <p>2. I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, røygater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i</p>
----	--

	eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.
--	--

Overføringa har få tekniske inngrep som vli påverke landskapet. Det er snakk om eit lite bekkeinntak på kote 300, det er ikkje planlangt veg eller ei større røyrgate. For landskapet vil endringane i hovudsak vere knytt til tørrlegging av elvestrekket frå inntaket. Stølselva er ikkje ei stor elv med markerte fossar, men den krysser hovudvegen og er der eit markert element. Elva er ein typisk flaumbekk, som reagerer raskt på nedbør. Den vil vere eit synleg landskapselement i periodar med mykje nedbør, og mindre synleg eller tørr i tørre periodar. Denne effekten er ein del av landskapskarakteren. I følgje hydrologiske kurver og foto i søknaden går elva stor på sein vår/sommar og i periodar på hausten. Etter utbygging vil det kun vere unntaksvis at elva har stor nok vassføring til å vere eit landskapselement og dette vil i hovudsak vere om hausten.

Med tanke på at utbygginga er i eit fjordlandskap av stor verdi, er det viktig å kunne gjere ei vurdering av verknaden av tiltaket på fjordlandskapet. Då søknaden manglar illustrasjonar eller bilder av elva frå fjorden er ei slik vurdering vanskeleg.



For å følgje retningsline R3 rår vi til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

**INON**

Overføringa vil komme i eit område med inngrepsfri natur. I opprinneleg søkand om Nottveit kraftverk vart bortfallet av INON-område sone 2 (1-3 km frå større inngrep) tallfesta til 2,05 km<sup>2</sup> for inntak i Nottveitelva og overføring av Stølselva. I og med at Nottveit kraftverk har fått konsesjon vil delar av dette området allereie fall bort. Kor stort tapet av INON-område vil vere som følgje av overføringa aleine er ikkje presentert i søknaden.

Figur 1 Tiltaket ligg ved eit større INON-område. Det er usikkert kor stort bortfallet av INON vil vere.

**c. Biologisk mangfald og fisk**

Det er i følgje medfølgjande rapport om biologisk mangfald ikkje registrert naturtypar eller artar av middels eller høg verdi, eller som er truga. Det er heller ikkje fisk i elva. Konsekvensane av overføringa vil vere negative for livet langs elvestrengen som blir tørrlagt. Det er ikkje kjent verdifulle artar langs denne.

**d. Kulturminne**

Hordaland fylkeskommune har vore i dialog med utbyggar om kulturminne ved bygging av Nottveit kraftverk og har ingen merknader til overføringa.



**e. Friluftsliv**

<b>R7</b>	<b>Friluftsliv</b> 1. Ein bør vise varsemd ved utforming av ny
-----------	---



<p>vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.</p>
--

Tiltaket ligg ved eit større friluftsområde av stor verdi. Langs elva går det merka sti til Eiterdalen og det store turområdet Dyrkollbotn. Dyrkollbotn er klassifisert som eit svært viktig regionalt friluftsområde. Verdien til området er særleg knytt til mykje bruk av både tilreisande og lokale, og store opplevingsverdiar. Retningslinene gjev at ein bør vise varsemnd i friluftsområde av stor verdi for å unngå å redusere opplevingskvalitetane der. Dette vil og gjelde oppmarsjområda til desse områda.

Minstevassføring i elvestrengen vil kunne kompensere delvis for overføring av vatn til Nottveit kraftverk, og vi ber om at dette blir vurdert.

### **5. Oppsummering og fylkesrådmannen si tilråding**

Det er viktig å ta med den samla belastinga på området i vurderinga av nye kraftutbyggingar. Romarheimsfjorden er eit område med mange kraftutbyggingar, på same tid har det eit fjordlandskap av stor verdi og viktige friluftsområde i fjella.

Overføring av Støselva til Nottveitelva har små tekniske inngrep og er lite kostbart. Det vil tilføre vatn til eit kraftverk som allereie har fått konsesjon og er difor å rekne som eit effektiviseringsprosjekt.

Utbygginga vil tørrlegge ei elv som i dag tidvis er eit markant landskapselement i eit fjordlandskap av stor verdi. Vidare går det sti langs elva til eit viktig friluftsområde. Utover dette er det lågt konfliktnivå mot regionale interesser.

Søknaden manglar viktig informasjon for å kunne gjere vurdering av konsekvensane av tiltaket for landskapet og opplevingsverdiane i det.

På bakgrunn av store verdiar av fjordlandskap og oppmarsjrute til eit viktig friluftsområde, rår vi til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.